




Møre og Romsdal
fylkeskommune

Volda vidaregåande skule

Årsmelding skoleåret 2024-25



Innholdsliste

1. Rektor har ordet	2
2. Nøkkelopplysningar om skolen	3
2.1 Organisasjonen	3
2.2 Utdanningsprogram og elevtal	5
2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1	7
3. Læringsmiljø	9
3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga	9
3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet	11
3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad	13
4. Skoleårsresultat	15
4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring	15
4.2 Karaktersnitt	17
4.3 Fråvær	18
4.4 Elevar som har slutta	19
4.5 Overgangar	21
5. Leiing og profesjonsutvikling	23

1. Rektor har ordet

Volda vidaregåande skule har sine røter heilt tilbake til 1910 ved etableringa av Volda Private Millomskule og Gymnasium, med dei direkte etterkomarane Volda offentlege Landsgymnas, Volda Gymnas og Volda vidaregåande skule AF (almenne fag). Den sistnemnde vart i 1994 slått saman med Volda vidaregåande skule HK (handels- og kontorlag). Skulen byggjer dermed på ein lang og stolt tradisjon.

Skulen har gjort stadige tilpassingar i tilbodet sitt ut frå skuleeigar si organisering av opplæringstilboda i regionane, som i stor utstrekning har følgd behova knytt til elevane si søking. Dei siste åra har andelen elevar som søker yrkeslag auka monaleg, noko som påverkar elevtalet ved vår skule som berre tilbyr studieførebuande utdanningsprogram.

Skulen har hatt god evne til å tilpasse seg omleggingar av tilbodsstrukturen, skulereformer og nye krav til alle grupper av lagfolk som arbeider ved skulen. Hovudfokus dei seinare åra har vore å følgje opp og etterleve kunnskapsløftet/lagfornyinga og nye krav til vurderingsaktivitetar (både undervegs- og sluttvurdering). Skulen avslutta eit DeKom-prosjekt med hovudfokus på vurdering våren 2024, etter godt samarbeid med repr. frå høgskulen i Volda og skuleeigar.

Volda vgs. hadde 430 elevar i 2024/2025 og gav tilbod på følgjande utdanningsprogram: Studiespesialisering (ST), Musikk, dans og drama (MD), Medium og kommunikasjon (ME) og Kunst, design og arkitektur(KD). I tillegg hadde skulen tilbod om påbygging i begge kategoriar, dvs. både ordinær påbygging og påbygging for elevar med fullført lagbrev.

Skulen gjennomførte møte i alle pålagde organ, som skulemiljøutval/skuleutval, AMU og orienterings- og drøftingsmøte.


Skulen hadde også skuleåret 2024/2025 låge mobbetal, noko vi trur er eit resultat av godt forebyggande arbeid og rask inngripen ved oppståtte situasjonar. Dette er særleg gledeleg og eit godt utgangspunkt for trivsel og læring.

2. Nøkkelopplysningar om skolen

2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	49
Tal på årsverk i leiarstillingar	4,75
Tal på årsverk andre tilsette	15,5

Organisasjonskart Volda vidaregåande skule



Biletet over syner skulen sitt organisasjonskart skuleåret 2024/2025, med ei organisering av personalet der dei er kopla mot dei fagområda elevane skal ha opplæring i. Innanfor alle fag og programområde er lærarane knytt til ein avdelingsleiarar med fag- og personalansvar. I tillegg står støttepersonell av ulike kategori saman rundt elevane og lærarar i deira daglege arbeid (elevassistentar, rådsgjevarar, merkantilt personale,

reinholdarar, bibliotekar og leiinga).

Kjønnsfordelinga blant personalet er om lag 30 % menn og 70 % kvinner.

I samband med innsparingskrava sett til skulen, så vart det mellom anna bestemt at skulen gjer innsparingar ved å redusere ressurs til leiing for å skjerme for ytterlegare kutt mot elevane. Dette vil gje lågare kapasitet i høve ped. Utviklingsarbeid, koordinering og administrasjon/leiing, men vil skjerme fag og undervisningsaktivitetar frå ytterlegare kutt.

2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
ST	75	76	72	223
MD	27	26	26	79
PB			56	56
KD	14	13	14	41
ME	10	12	9	31
Total	126	127	177	430

Tal på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring	33
---	----

Skulen hadde i skuleåret 2024/2025 fire utdanningsprogram, alle studieførebuande.

Dette er Studiespesialisering, Musikk, dans og drama, Kunst, design og arkitektur og Medium og kommunikasjon.

Størstedelen av elevane ved Volda vgs. høyrer til Studiespesialisering, der skulen normalt har hatt 3–4 parallellar pr klassesteg, dvs. 9–12 klasser, i tillegg til påbyggklassene.

Vi ser at den sterke trenden der fleire elevar vél yrkesfag, påverkar vår reinte studieførebuande skule med stor tyngde.

Studiespesialisering og det studieførebuande utdanningsprogrammet for Musikk, dans og drama er dimensjonert med ei heil klasse pr. klassesteg, dvs. normalt 28 elevar.

Medium og kommunikasjon og Kunst, design og arkitektur har 1/2 klasse pr. klassesteg, og desse elevane er plassert saman i fellesfaga. Søkinga her har samla sett vore aukande siste åra, men med ein stor overvekt av søkjarar til KDA.

Skulen har ei eiga avdeling for tilpassa opplæring. Elevar med særlege

tilretteleggingsbehov i læringsarbeidet kan ha heile eller delar av opplæringa si der.

Søkinga til skulen av elevar med særlege tilretteleggingsbehov har vore høg dei siste åra, og situasjonen har arealmessig vore prekær. I løpet av våren 2022 vart skulen sin nye TPO-base ferdigstilt, og i skuleåra etter har skulen hatt gode bygningsmessige vilkår for denne elevgruppa.

Talet på minoritetsspråklege elevar med rett til ekstra språkopplæring var i 2024/2025 33 elevar (mot 24 fjoråret).

2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1

2.3.1 Fordeling grunnskolepoengintervall vg1, prosent

Poengsum	2023-24	2024-25	Fylket 2024-25
0 eller ingen	5%	5,6%	9,3%
0 - 25	0%	0%	3,0%
25 - 30	0,7%	0,8%	5,5%
30 - 35	2,1%	6,3%	11,5%
35 - 40	10,7%	11,1%	17,2%
40 - 45	29,3%	15,1%	21,7%
45 - 50	19,3%	29,4%	18,2%
Over 50	32,9%	31,7%	13,5%

2.3.2 Grunnskolepoeng vg1 – utvikling over tid

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Volda vgs.	46,1	45,8	47	46,5	46,2
Fylket	42,2	42,2	42,5	41,3	41,1

Kjelde er Qlik – app: Skole – antall elever, forutsetninger og sluttet

2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Skulen rekrutterer relativt få elevar med låg karakterpoengsum. Berre rett i overkant av 10 % av elevane har lågare enn 35 poeng, men fleire enn året før.

Stadig fleire elevar har utfordringar knytt til psykisk helse, som gjer læringsarbeidet meir krevjande og utfordrande. Gjennomsnittet av karakterpoengsum har lege relativt høgt og nærast konstant dei siste 5 åra, men vi ser at utfordringsbiletet vert stadig meir komplekst. Talet på elevar som søker om fritak for vurdering i kroppsøving, tilrettelegging

i vurderingssituasjonar m.m. vert stadig fleire. Særleg det siste er krevjande både i høve personalsituasjonen og tilgang på romareal.

3. Læringsmiljø

[Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.](#)

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

Resultata frå elevgranskinga syner stabilitet over tid. Det er berre marginal skilnad mellom skolen sine resultat og snittet av resultata i landet og fylket elles.

Når ein ser på dei ulike klassestega så markerer vg1- og vg2-steget ein markant framgang i samla skår på alle læringsmiljøindikatorane, og skårar monaleg betre enn lands- og fylkessnittet. Vg3-elevane har gått motsett veg, frå ein skår litt over lands- og fylkessnittet, til ein skår litt under.

Skolen har mange tiltak for å fremme helse, trivsel, læring og skape eit godt og trygt skolemiljø. Dei siste to åra har det vore lagt mykje arbeid i evaluering og justering av tiltak og aktivitetar for nye elevar. Det har også vore fokusert på trygt og godt læringsmiljø i fellesarrangement for alle elevane knytt til rus, lovverk, seksualitet og grensesetjing, nettvett med meir. I samråd med tillitsvalde har mykje av tidsressurspotten blitt styrt mot styrking av kontaktlærarrolla. Vi trur dette kan vere blant dei viktigaste årsakene til den fine framgangen for vg1 og vg2.

Alle tilsette er kjend med si plikt til å følgje med, gripe inn og varsle for å sikre at elevane har eit trygt og godt læringsmiljø. Dette er nedfelt i rutinar og prosedyrar og det vert jamleg gjennomført aktivitetar/opplæringsaktivitetar for tilsette.

Skulen informerer elevar og føresette om tilgangen til å nytte seg av "mobbeknapp". Denne informasjonen vert gitt ved mottak av elevane (av rektor), og i samband med informasjonsmøte for føresette. Desse presentasjonane er å finne på skulen si heimeside: volda.vgs.no.

Over tid har vi bygd eit trygt og godt læringsmiljø, med låge mobbetal. Nokre få saker kjem opp stort sett kvart år – og underbyggjer at saker vert varsla/oppdaga. Slike saker vert, så langt vi får tilbakemeldingar på desse, handtert på ein tilfredsstillande måte. I skuleåret 2024/2025 vart det avdekt saker av ein slik art/av ein slik alvorsgrad at det vart etablert aktivitetsplan i 2 av dei.

I botnen ligg kontaktlærar sitt kontinuerlege arbeid med å følgje opp og ha dialog om eleven sitt fråvær. Stort/aukande fråvær er rekna som første signal på at elev ikkje har det trygt og godt, og det er gjennom den tette dialogen mellom vaksen og elev at teikn på mistrivsel mm. gjerne vert fanga opp. Elevrepr. i skuleutvalet vert skulert som elevombod og har ei særstilling som kontaktpunkt for elevar som ønskjer å seie frå om ev. krevjande fysisk og psykososiale tilhøve.

Skulen har etablert innsatsteam mot mobbing, som består av skuleleiinga, rådgjevarane og PPT. Teamet er skulert gjennom MRFylke sitt opplæringsapparat. Teamet har gjennomført opplæringsaktivitetar mot andre tilsette på skulen i tråd med instruks gitt av skuleeigar.

I høve plikta til å følgje med, gripe inn og varsle, er ståande ordre at rektor skal varslast i alle saker av meir alvorleg art, og når tilsette treng støtte i å handtere situasjonen slik at "trygt og godt miljø" for elevane vert reetablert.

Alle tilsette har fått informasjon/opplæring om ansvaret/plikta til å gripe inn, varsle osv. – overfor alle elevar i alle situasjonar. Skulen har ikkje "vaktordning" i friminutta (ikkje vanleg på vgs-nivået), men har kontinuerleg tilsette som vandrar og arbeider i skulelokala – og held auge med elevane sine aktivitetar. Alle fellesareal ligg sentralt i bygga, med stadig "trafikk" av tilsette i alle kategoriar.

I dei tilfella det er fråvær i ped. stab, og det ev. ikkje vert sett inn/kan setjast inn vikar, så vert klassene oppsøkt av tilsette frå leiing eller merkantil, for å sjå til at elevane er på plass (fråværsføring) og læringsaktivitetar kjende og vert igangsett. Elevane er ved gjennomgang av ordensreglementet gjort kjende med at reglementet gjeld overalt på skulen (i heile skuletida), og til og frå skulen. Skulen har arbeidd målretta med å skape lik praksis i utøvinga av ordensreglementet over lang tid, i systematiserte prosessar.

Dei største utfordringane i høve arbeidsmiljøet er no knytt til varmestyring og ventilasjon på Nedre bygg. Kapasiteten på anlegget er noko låg, og særleg på varme dagar er det utfordrande å halde tilfredsstillande luftkvalitet. Gjennom skuleåret 2024/2025 vart det gjort ein del utbetringar i høve belysning (overgang til LED) og styringssystem. Dette har vore til hjelp i høve inneklimaet.

I arbeidet med grunnleggande ferdigheiter vert det gjennomført opplæringsaktivitetar inn mot både digitale og språklege ferdigheiter, opplæring i ordensreglement, nettvett mm.

Vi ser ei stadig større utfordring knytt til inntak av elevar med store hol i kunnskapsgrunnlaget som følgje av fritak for fag/fritak for vurdering i fag frå ungdomsskulane. Med store klasser og programfaggrupper vert dette særleg utfordrande, og vi kjenner på at romslegare ressursar hadde vore til hjelp her for å auke innsatsen overfor denne gruppa. Med dei nye sparetiltaka som er påkravd, så ser vi diverre at det vert eit stadig dårlegare tilbod vi maktar å gje elevane.

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-4 i opplæringslova	2
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-5 i opplæringslova	0
Tal på enkeltvedtak etter § 12-7 i opplæringslova	0

Det vart i 2024–2025 skrive 2 aktivitetsplanar med bakgrunn i § 12-4. Dei to sakene vart handtert i tråd med retningslinene og kvittert ut i samråd med involverte elevar og føresette, som gav uttrykk for at dette var gjennomført med tilfredsstillande prosess og med ønskt resultat.

Arbeidet med å oppfylle eleven sin rett til eit godt og trygt skulemiljø startar når eleven er teken opp i inntaket. Elevar med meldeskjema vert handsama særskilt via fastlagde prosedyrar. Elevane vert i nokre høve, vurdert ut frå meldeskjema og etter innspel frå elev/føresette, møtt før skulestart (møte om vanskane og/eller omvising for å trygge

eleven). Elevane som møter på skulen for første gong vert møtt av rektor og kontaktlærarar i strukturerte opplegg der trivsel, mobbing m.m. er tematisert. Elevane og føresette vert oppfordra til å melde om "utfordrande situasjonar" dei har hatt med medelevar i ungdomsskulen, som kan medføre at vi som mottakarsskule bør/skal gjere organisatoriske tiltak for å betre elevens situasjon hos oss, dersom også den/desse elevane vert tekne inn ved skulen vår.

Nye elevar går inn i VIP-makkerskapsopplegget, seinare med gjennomføring av VIP-programmet og med systematiserte opplegg med samtaler med helsesjukepleiar, kontaktlærar og faglærar (tidfesta og initiert av skuleleiinga). Utover skuleåret vert elevane deltakarar i elevgransking og undervisingsevaluering, med tilhøyrande etterarbeid og ev. oppfølging i tråd med instruksar.

Elevane vert etter gjennomførte samtaler med kontaktlærar og helsesjukepleiar, eventuelt vist vidare til skulens ressursteam via standardiserte "Bekymringsmeldingar". Skulen sitt ressursteam, med fast representasjon av rådgjevarane, skuleleiinga og PPT, drøftar og tilrår innspel/søknader knytt til ulike særlege behov. Dette kan vere spesielt tilrettelagt undervising, administrative støttetiltak m.m. Ressursteamet møter normalt kvar 14. dag. Tilsette frå skulen sitt ressursteam har kontinuerleg dialog med elevar med særlege utfordringar/med særskilt sårbarheit i høve det å finne tenlege løysingar i høve situasjonen elevane står i. I nokre tilfelle vert løysinga støttetiltak knytt til opplæringa (støtte individuelt eller i smågrupper), andre gongar organisatoriske tiltak knytt til progresjon (heil eller delvis permisjon). Det er viktig for eleven sin trivsel at det ligg føre realistiske forventningar og planar for kva som kan vere mogleg å oppnå ut frå eleven sine føresetnader.

Med utviklingsarbeid innan vurdering og vurdering for læring som sentralt element i skulen sin handlingsplan også i 2024/2025, så har vi tru på at dette skal påverke fleire sider ved læringsmiljøet på ein positiv måte i åra framover.

Skulen har gode bygningsmessige fasilitetar, sjølv om det ikkje på alle område er optimalt. Det som no står fram som mest utfordrande er ventilasjon/temperatur og solskjerming, særleg på nedre skulebygg. Det har som nemnt vore gjort fleire tiltak for å betre situasjonen, mellom anna utskifting av lysarmatur til LED-lys, noko som har betra

situasjonen noko. Når det gjeld solskjerming så er behovet for utskifting av dagens persienner til stades på begge bygga, både med tanke på utfordringar med temperatur og sjenerande solskin når vi har fineveir. Etter ei ombygging har skulen sin TPO-base fått gode lokale for sine aktivitetar. Det som står att er å få til ei ombygging av festsal/sceneløysing som gir universell utforming og større fleksibilitet i alle samanhengar.

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	6
Møter i skuleutval	3
Møter i skulemiljøutval (om skolen framleis har skulemiljøutval)	

Det vart gjennomført 6 møte i elevrådet.

Skulemiljøutval og skuleutval hadde felles møte i 2024/2025, og det vart halde 3 møte.

Hovudfokus i desse utvala er skuleutvikling og miljøspørsmål i vidaste tyding, og i siste del av skuleåret fekk struktur- og tilbodssaka størst merksemd i skuleutvalet.

Elevane blir involvert gjennom representasjon i elevråd, elevrådsstyre, skulemiljøutval /skuleutval. I botnen ligg "klassens time", der informasjonar kan delast og saker drøftast i klassene og førast fram til rådgjevande og styrande organ. I desse organa vert arbeidet for betring av skulemiljøet drøfta, med utgangspunktet i resultata frå elevgranskinga og undervisingsevalueringa.

Elevrådet/elevrådsstyret vert gitt gode vilkår for å drive med det viktige arbeidet sitt – og leiinga prioriterer høgt å støtte opp under prosessane deira.

I 2024/2025 vart det ikkje gjennomført så mange formelle møte i elvråd/elevrådsstyret, men det var tett og god kontakt mellom leiarane i elevrådet og skuleleiinga.

Det vert i alle samanhengar fokusert på at elevane må høyrast i samband med planlegging og gjennomføring av læringsarbeidet og arbeidet med trygt og godt skulemiljø. Elevrådet var mellom anna aktive i høve å vurdere om det skulle gjennomførast elevarrangement på kveldstid for skulen sine elevar og tilsette, i tillegg til å vere bidragsytar i høve evaluering og planlegging av innskulingsaktivitetar.

Det vart, som tidlegare år, instruert på at kontaktlærar tok ein gjennomgang av resultata frå elevundersøkinga, med tanke på å få innspel frå elevane om kva for tiltak ein eventuelt burde iverksetje for å styrke læringsarbeidet. Likeeins var instruksjonen ut til faglærarar som gjennomførte undervisningsevalueringa den same. Dette er standard prosedyre kvart år, og ein del av det systematiske arbeidet til skulen for å styrke elevane sin medverknad og for å få dialog omkring arbeidsformer i læringsarbeidet.

Skulen har heldigvis få saker av negativ karakter som er til diskusjon i klassene og elevrådet. Etter at skulens hovudbygg vart rehabilitert (fullført i 2010), har dei fysiske rammevilkåra for undervisinga stort sett vore akseptable. Skulemiljøet har vore trygt og godt, og det har vore få konflikhtar/situasjonar mellom elevane og mellom elevar/lærarar/leiing.

I alle tilfelle der det vert gjennomført granskingar, så er lærarar/kontaktlærarar til stades og hjelper elevar som ev. kan ha vanskar i gjennomføringa.

I avgangsmarkeringane spela elevane ei sentral rolle i gjennomføringa av den offisielle delen på skulen, og dei la også til rette for at alle elevane som ønskte det kunne møte på privat arrangement etter avslutta skulegang.

4. Skoleårsresultat

4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring

4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2024-25, prosent	86,3 %
--	--------

4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
KD	71,4%	92,3%	92,9%	85,4%
MD	96,3%	100%	84,6%	93,7%
ME	80%	75%	77,8%	77,4%
PB			78,6%	78,6%
ST	89,3%	80,3%	91,7%	87,0%
Total	88,1%	85,0%	85,9%	86,3%

Kjelde: Qlik – app: *Skole-gjennomføring*

4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Volda vidaregåande skule	93,9 %	92,0%	92,1%	91,8%	86,3 %
Fylket	92,7%	91,5%	91,0%	90,8%	88,4%

4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

Volda vgs har hatt relativt stabile tal på fullført og bestått, men hadde ein større nedgang frå førre skuleår. Skåren er likevel over forventningsindikatoren, noko skulen ser seg nøgd med.

Av figur 4.1.2 ser ein at det er store skilnader mellom utdanningsprogramma og

klassestega. Utdanningsprogramma der det er få elevar er naturlegvis særleg sårbare i høve gjennomføringstala, då det gir store utslag når berre nokre få elevar ikkje fullfører og består.

Samansetjinga og resultata var som ein kan rekne med og i stor grad på line med fylket elles.

I skulen sin handlingsplan for 2024-2025 hadde ein ei målsetjing om 88 % fullført og bestått. Ein visste at dette var eit ambisiøst mål ut frå den sterke auken i talet på A-skjema søkjarar. Diverre nådde ein ikkje dette nivået, men skulen er nøgd med å ha ein skår på fullført og bestått som er over forventingsindikatoren.

4.2 Karaktersnitt

4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
KD	3,92
MD	4,56
ME	3,83
PB	3,78
ST	4,27

4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Volda vidaregåande skule	4,29	4,24	4,28	4,23	4,20
Fylket	4,26	4,24	4,21	4,20	4,19

Kjelde: Qlik-app: skole – karakterer

4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Karaktersnittet for alle elevane ligg nærast konstant over tid.

Frå 2023/2024 til dette året er det berre utdanningsprogrammet Kunst, design og arkitektur som har hatt ei viss endring. Her har karaktersnittet gått ned frå 4,17 til 3,92.

Også dette må kunne seiast å vere ei marginal endring.

Avviket mellom eksamen og standpunkt var i 2024/2025 marginalt høgare enn året før (0,43 mot 0,37).

Utviklinga speglar den trenden vi har sett dei siste åra der søkinga er langt høgare til yrkesfaga, og at elevgrunnet endrar seg i høve tidlegare år på alle skulane.

4.3 Fråvær

4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timar	Totalfråvær, prosent
Totalt	9,9	31,2	8,7 %
Vg1	8,1	19,1	6,4 %
Vg2	10,2	42,8	10,2 %
Vg3	11	31,3	9,4 %

4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Volda vidaregåande skule	2,6%	2,3%	7,4%	7,6%	8,7 %
Fylket	2,4%	2,7%	6,5%	6,9%	7,7%

Kjelde er Qlik - app: Skole-gjennomføring

4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Av tabell 4.3.2, totalfråvær siste fem år, så ser vi at både fylket og skulen si utvikling tyder på at koronapandemien og nye mellombelse fråværsreglar kan ha spela ei rolle. Våren 2020 vart det ekstraordinære tider, og fråværsprosenten var nok ikkje heilt representativ for elevane i dei to åra som følgde. I tida etter at dei mellombelse fråværsreglane vart avvikla, har vi erfart at mange ungdommar har etterslep av ulik art som påverkar dei i høve å makte og stå i skulekvardagen. Skulen var i 2022/2023 på eit noko høgare fråværnivå enn vi hadde før pandemien, etter to skuleår med rekordlåg registrert fråvær, og tala for rapporteringsåret 2023-2024 samsvarar med føregåande skuleår.

Fråvær er ikkje berre knytt til sjukdom, men også mellom anna elevane sin motivasjon.

Det var gjennom 2022/2023 gjort eit arbeid i å kartlegge moglege tiltak som kunne påverke både motivasjon og trivsel, og dei aktivitetane som vart gjennomført i innskulinga vart evaluert og drøfta vidare i førre skuleår. Det vart våren 2024 bestemt at det skulle gjerast endringar til skulestart hausten 2024, for å prøve å gje elevane ein tryggare start og stimulere til motivasjon og skulenærver. Det er vanskeleg å lese ut av tala at dette har hatt positiv effekt, men evalueringa av desse tiltaka var positive. Skulen gjorde ny evaluering etter gjennomføringa av opplegget for skulestarten hausten 2024, og gjer nye grep til skuleåret 2025/2026.

4.4 Elevar som har slutta

4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2024–25

Prosent	Tal
3,5 %	15

4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

	2020–21	2021–22	2022–23	2023–24	2024–25
Volda vidaregåande skule	1,8%	2,3%	2,3%	1,9%	3,5%
Fylket	2,2%	3,1%	3,1%	3,1%	3,0%

4.4.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Dei 15 elevane som slutta ved skulen fordelte seg slik på utdanningsprogramma:

KD: 4 av totalt 41 elevar.

ME: 3 av totalt 31 elevar.

PB: 3 av totalt 56 elevar

ST: 5 av totalt 223 elevar.

Vi ser elles at det berre er marginale skilnader mellom kjønna når det gjeld talet på elevar som har slutta, når ein korrigerer for at skulen har stor overvekt av jenter (5 gutar og 10 jenter).

Det er flest vg1-elevar som står registrert som slutta.

Samanlikna med fylket så har talet på sluttarar tidlegare vore lågt. I 2024/2025 er vi for første gong over fylkessnittet, noko vi kan i stor grad kan forklare med elevgrunnlaget.

Det er diverre mange som tek til utan dei beste føresetnadane ut frå tidlegare skulegong og helsesituasjon.

Vi gjer kva vi kan for å motivere elevane til å halde fram så lenge som råd, samstundes som rettane deira vert ivaretekne. Ofte er det avgrensa alternativ utanom skulen (arbeid, praksis el. l.), og uheldig med lang lediggang før ev. nytt skuleår.

Elevar som sluttar vert overført til oppfølgingstenesta

4.5 Overgangar

Skuleåret 2024/2025 hadde skulen 140 elevar på vg1, og 97,1 %% av desse heldt fram på skulen på vg2. Dette er noko høgare enn føregåande år (94,7 %)

Tilsvarande tal for vg2-elevane var 120 stk og 98,3 % (96,5% året før).

Qlik Sense, app: overgangar.

For å sikre eit trygt og godt miljø og sikre overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande opplæring, nyttar skulen fast mellom anna VIP-makkerskap som metode, gjennomfører VIP-programmet (veiledning og informasjon om psykisk helse), og held god dialog med elevane gjennom samtale mellom kontaktlærar og elev. Skulen inviterte også alle 1. klassingar til samtale med helsesjukepleiar. I tillegg til desse spesifikke tiltaka er det kontinuerleg overvaking av elevane sitt fråvær for å gripe inn dersom ein observerer noko urovekkande.

Det vert også gjennomført innskulingsperiode første del av skuleåret for alle nivå, slik at ein får ein mjuk start med vekt på å bli trygge på både medelevar og lærarar/tilsette. Skuleåret 2023/2024 gjennomførte skulen meir omfattande prosessar knytt til opplegget for mottaket av elevane ved skulestart. Det vart året før gjennomført innovasjonscamp med støtte frå Ungt Entreprenørskap med «innskuling» som tema, i tillegg til drøftingar i elevråd og kollegiet. Med bakgrunn i desse prosessane og evalueringa vart det bestemt at det skulle øyremerkast noko meir tid til slike aktivitetar frå skuleåret 2023/2024. Det vart også gjort tilpassingar i informasjonen til nye elevar, og sett fokus på nye kollektive aktivitetar som skulle sikre alle nye elevar ein betre start. Skuleåret 2024/2025 vart innskulingsopplegget på ny evaluert og justert, og vi meiner no å ha funne ei form og eit innhald som tener saka.

Elevar med særskilt sårbarheit vert invitert til å kunne møte på skulen før skulestart, treffe kontaktlærar/lærarane sine og andre tilsette ved skulen. Gjennom dialogmøte med elev og ev. føresette vert informasjon overlevert og ein gjer avtale om tiltak for å lette overgangen.

For elevar med svakt karaktergrunnlag er skulen særleg merksam på dette med god rettleiing i høve fagval, slik at føresetnadene for å fullføre vert best mogleg. Elevane vert elles fylgd opp gjennom tilpassa opplæring og ev. støttetiltak ved behov der eleven står i fare for å få karakteren I eller IV (ikkje vurdert).

5. Leiing og profesjonsutvikling

Skuleåret 2024/2025 var prega av ei vidareføring av fleire tiltak og prosjekt starta i samband med DeKom-prosjektet føregåande åra.

Skuleåret 2023-2024 var det meste av utviklingsarbeidet retta mot innføringa av nye læreplanar (faginnhald og endring i vurderingsformer), med vidareføring av utviklingsarbeid i DeKom-ordninga i samarbeid med Høgskulen i Volda (HVO).

Utover i skuleåret fekk pedagogisk tilsette ved fleire høve faglege innspel (frå tilsette ved HVO) i høve vurdering, vurderingsformer og forskrifta sine nye føringar for vurderingsarbeidet. Det vart gjennomført dagsseminar der seksjonar og faglag fekk ta ei første fordjuping i ulike prosjekt/forsøk, i lys av fagleg påfyll og tidlegare arbeid i kortare økter. DeKom-prosjektet vart avslutta med delingsseminar og fagleg påfyll våren 2024 med deltaking frå høgskulen.

Døme på utviklingsarbeid 2024-2025, Volda vgs

Dei tre kreative studieretningane **KDA, MK og MDD**, har kvart år eigne tverrfaglege prosjektveker knytt til sine programfag. Dette er store prosjekt som er eigne utviklingsarbeid i seg sjølv, der ein kvart år freistar å gjere den aktuelle opplevinga unik samanlikna med året før, og gir elevane gode rammer for djupnelæring. KDA (Kunst, design og arkitektur) gjennomfører ei kunstveke, der dei arbeider med fordjuping innan ulike kunstuttrykk. Arbeidet frå denne veka resulterer i ei kunstutstilling som er opa for publikum, kvar vår.

MDD (Musikk, dans og drama) og MK (Medium og kommunikasjon) samarbeider om eit storstilt tverrfagleg prosjekt kvart år, den årlege Musikalen. Gjennom seks framsyningar får studieretningane høve til å vise fram sitt arbeid til eit stort publikum i regionen. Her har ein kvart år nytt tema, nytt manus og nye elevar i dei ulike rollene på, bak og rundt scena. Prosjektet er under kontinuerleg utvikling, med fokus på motivasjon, meistring, elevmedverknad og tverrfagleg samarbeid.

Fokuset på tverrfagleg samarbeid i desse tre seksjonane, gir gode høve for kollegarettleing og delingskultur, der lærarane òg kursar kvarandre innan sine fagfelt. Dette gjer at ein arbeider kontinuerleg med utvikling her.

I seksjonen for norsk/samfunnsfag er «Historisk person» eit fleirfagleg samarbeid i historie og norsk som resulterer i ei fordjupingsoppgåve for Vg3-elevane.

Historie handlar i stor grad om å forstå korleis folk til alle tider har levd sine liv i ulike samfunn, med ulike rammer for kva som var mogleg å gjere. Det å kartleggje desse rammene, og forstå vala til vanlege folk, er essensielt om du vil prøve å forstå ei historisk utvikling. Det å bli kjend med dine egne røter har i tillegg ein eigenverdi.

Oppgåva “Historisk person” handlar om å skrive om ein historisk person i eiga slekt. Personen må vere frå oldeforeldregenerasjonen eller eldre. Kompetansemåla vi knyter til dette arbeidet inneheld «forskar-elementet» i dei nye læreplanane, noko som inviterer til sjølvstendig arbeid frå elevane si side. Framveksten av kunstig intelligens gjer at ein fortløpande må ta stilling til arbeids- og vurderingsformer i prosjektet.

Norskseksjonen har hatt i arbeid, og teke i bruk, ein felles mal for skriftlege vurderingar/ oppgåveskriving og har utarbeidd ei skildring av karakterar i klasserommet –

«klasseromskarakter». Dette vurderingsskjemaet synleggjer korleis elevane kan vise fagleg kompetanse i faget, og kva kompetanse dei må vise for å få dei ulike karakterane. Dette er då ei form for vurdering utan prøve.

Begge desse malane/oversiktene har lærarane lagt som lenke til i arbeidsplanane for dei ulike faga og klassene, slik at det er kjent for elevane korleis vurderingskriteria er lagt opp.

Realfagseksjonen: I naturfag så gjennomførte nokre av lærarane tverrfagleg samarbeid med norskseksjonen, der dei skreiv fagtekster som vart vurdert ut frå læreplanmål i både norsk og naturfag. Biologifaget hadde tverrfagleg samarbeid med historiefaget og ein MDD-lærer i prosjektet «Mitt Afrikanske DNA». Det er eit prosjekt som vert gjennomført med alle Vg3-elevane og går gjennom heile året med nokre møtepunkt. Det er forelesingar, DNA-testing og presentasjon av resultat. I tillegg deltok heile seksjonen i

arbeidet med å utvikle klasseromsvurdering, ei vidareføring frå Dekom-prosjektet som formelt vart avslutta året før.

Kroppsøvingsseksjonen:

Ny læreplan og nye kompetansemål i kroppsøvingsfaget har gitt utfordringar i høve vurderingsarbeidet. Kroppsøvingsseksjonen har brukt mykje tid på å finne vurderingskriterier for å sikre seg rett vurdering på den enkelte elev. Seksjonen har hatt dialog med andre skular for å høyre korleis det vert jobba med dette andre stadar, slik at ein kan stå støtt i det arbeidet som vert gjort.

Avdeling for tilpassa opplæring:

På avdeling for tilrettelagt opplæring har ein jobba tett med PPT for å finne gode mål og formuleringar i IOP-ane til enkeltelevane. Det er eit viktig arbeid for å sikre progresjon og utvikling med mål om å klargjere elevane for livet etter vidaregåande opplæring.

Individuelt tilrettelagt opplæring:

Med eit auka tal elevar som har utfordringar knytt til stort, udokumentert fråvær på ungdomsskulen, har det vore viktig for Volda vgs å jobbe målretta for å få til gode overgangar for elevane til vidaregåande opplæring. Vi jobbar systemretta for å få til dette, og samarbeider tett med elevar, foreldre, avgivarskular og andre samarbeidspartar for elevane sitt beste.

Etter- og vidareutdanning:

Skulen har dei seinare åra hatt ein medviten strategi for vidareutdanning mellom anna opp mot dei endringane skulen har gått gjennom som følgje av omleggingar/nedleggingar. Med endringa i utdanningsprogrammet for Medium og kommunikasjon frå yrkesfagleg til studieførebuande utdanningsprogram, stod fleire i fare for å miste arbeidet ved skulen. Vidareutdanning og kvalifisering av lærarar på dette utdanningsprogrammet, til oppgåver innan fellesfag som norsk og historie, har hindra overtalige lærarar.

I tillegg til deltakarar innan Kompetanse for kvalitet (2 lærarar), så deltok også nokre

tilsette på kurs og konferansar etter søknad. Ein del vart gjennomført digitalt dette året, men vi hadde også tilsette av garde på eksterne kurs, landsmøte m.m.

Vi ser at skulen har brukt mykje ressursar på deltakarar innan kompetanse for kvalitet, og må sjå på om ein større del av midlane bør gå til interne/eksterne kurs som gir fleire fagleg påfyll og styrkar den profesjonsfaglege fellesskapen. Skulen vil også prioritere stipendordninga i KFK, framfor vikarordninga. Dette gir skulen lågare kostnader.

Eit viktig moment for å få til god kvalitet i tenestene og pedagogisk utvikling, er at dei daglege rutinane fungerer tilfredsstillande og ikkje stel energi. Med stadig nye IKT-system og kanalar, så er det utfordrande å få til nye flater som fungerer godt og ikkje gir kaos i informasjonsflyten. Ei opprydding i informasjons- og kommunikasjonsplanen gav ei betre oversikt gjennom 2023/2024. Vi såg gjennom skuleåret 2024/2025 at denne oppryddinga hadde positiv effekt. No vart utfordringane mest av alt knytt til ytterlegare overgang til nye system og applikasjonar initiert frå fylkesleddet. Vi har tru på at dei nye systema skal gje positive effektar både for elevar og tilsette, men det har vore mykje ekstraarbeid pga manglande funksjonalitetar og feil i fleire av systema.

Skulen opplevde elles at leiingsdialogen, både den formelle og uformelle, har vore god og konstruktiv i alle samanhengar også i 2024/2025. Vår aller største utfordring var dei tronge økonomiske rammene, som gjorde det uråd å bygge det laget rundt elevane som dei skulle hatt. Dette gjeld oss alle i skulesektoren, så vi må berre ta til vitande at pengesekken ikkje strekk til for nokon av oss.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no